



# Bømlo kommune

*Driftige folk i vakker natur!*

Dialogmøte mellom lag og  
organisasjonar  
og  
Bømlo kommune

30.09.2024



## DEI TI FRIVILLIGPOLITISKE BODA

### 1. KJENN FRIVILLIGHEITA I KOMMUNEN DIN

Hent inn kunnskap om dei frivillige organisasjonane. Kva driv dei med? Kva mål, ressursar og utfordringar har dei? Vil dei samarbeide meir med kommunen, næringsliv, eller organisasjonar?

### 2. VEDTA EIN KOMMUNAL FRIVILLIGPOLITIKK PÅ TVERS AV SEKTORAR

Inviter heile breidda av organisasjonar til dialog. Tenk frivillighet i all kommunal planlegging. Politikken bør reviderast ved nytt kommuneval.

### 3. ANERKJENN ORGANISASJONAR SIN EIGENVERDI

Frivillige er frie og villige til å gjera det dei vil. Det må dei få lov til å vere elles døyr det frivillige engasjementet i organisasjonane og frivilligheita ut.

### 4. FORENKLING GJEV MEIR FRIVILLIG INNSATS

Tida som blir brukt på byråkrati er tid som kunne vore brukt på frivillig innsats. Gjennomfør tiltak som gjer søknadsskriving, rapportering og kontakt med kommunen enklare.

### 5. LEGG TIL RETTE FOR ORGANISASJONAR SI UTVIKLING

Vis organisasjonane tillit og legg til rette for at dei kan nå sine egne mål. Då når kommunen også mange av sine måla.

### 6. SKAP DIALOG MED ORGANISASJONANE

Skap faste møteplassar for organisasjonane. Rådfor dykk med frivilligheita. Gje kommunalt tilsette opplæring i mangfaldet av frivillige organisasjonar, slik at dei kan invitera fleire folk til å bli med. Hugs at frivillige ofte jobbar, så møte må vere etter arbeidstid!

### 7. ANERKJENN OG STØTT OPP OM FRIVILLIGHEITA

Dei frivillige organisasjonane er vaktbikkja i samfunnet og skaper lokalsamfunnsutvikling, kunnskap, sosiale møteplassar, tilhørsle, opplæring i demokrati, og er helsefremjande.

### 8. GI FRIE MIDLAR

Frie midlar er ein føresetnad for at det frivillige engasjementet kan vekse på eigne premissar.

### 9. IKKJE KONKURRER MED ORGANISASJONANE

Legg til rette for betre rekruttering av frivillige til organisasjonane. Ikkje stel dei frivillige frå organisasjonane for å utføra kommunale tiltak.

### 10. SKAP FØRESEIELEGE RAMMER

Føreseielege rammer skaper berekraftig drift og utvikling i organisasjonane. Eit døme er å leggja til rette for lokale som frivillige organisasjonar kan bruke.



Bømlo kommune har over 300 lag og organisasjonar som har registrert seg i ulike register som frivilligregister, kommunen sin portal og Brønnøysundregisteret. Desse har interesser, engasjement, kompetanse og ressursar som driv det store fleirtalet av det pågåande aktivitetstilbodet med stor variasjon. Kommunen si rolle er å ta på alvor, vera støttespelar og leggja til rette for at alt frivillig arbeid og aktivitet kan fortsetja å utvikla seg vidare og føre til god helsefremjing hos innbyggjarane våre. Den frivilligpolitiske plattformen er utarbeidd i samarbeid med frivillige organisasjonar og vedteke av kommunestyret i Bømlo i desember 2020.

### Mål

Det skal vere enkelt å driva frivillig arbeid og vera frivillig i Bømlo

### Hovudprinsipp:

Frivillige skal vera FRIE og VILLIGE, frivillig arbeid lever av lyst og døyr av tvang. Bømlo kommune skal verdsetja frivillige og frivillige organisasjonar og ta vare på Eldsjelane

### Prinsipp:

1. Stønadsordningar skal vera enkle å søkja og rapportera på
2. Informasjon skal vera lett tilgjengeleg og oppdatert
3. Det skal vere enkelt og rimeleg for frivillige å bruka kommunale lokalar
4. Kommune og frivillige kan samarbeida om ulike tilbod og aktivitetar, samstundes som frivilligheita sin eigenart og sjølvstende skal ligge til grunn
5. Det skal stimulerast til tiltak og anlegg, som skapar aktivitet og fungerer som sosial møteplass

Bømlo kommune stiller seg bak Dei ti frivilligpolitiske bud og sluttar seg til Fritidserklæringa som bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettigheter artikkel 31, som seier at alle born har rett til fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv.

(Formannskapsvedtak PS 42/2020)

---

# Frivilligpolitisk plattform 2024-2028

Vidareføring av  
frivilligpolitisk plattform  
2020-2023

# Frivilligpolitisk plattform

Stønadsordningar skal vera enkle å søkja og rapportera på

Informasjon skal vera lett tilgjengeleg og oppdatert

Det skal vere enkelt og rimeleg for frivillige å bruka kommunale lokalar

Kommune og frivillige kan samarbeida om ulike tilbod og aktivitetar, samstundes som frivilligheita sin eigenart og sjølvstende skal ligge til grunn

# Frivilligpolitisk plattform

5. Det skal stimulerast til tiltak og anlegg, som skapar aktivitet og fungerer som sosial møteplass

Bømlo kommune stiller seg bak dei ti frivilligpolitiske bud

Bømlo kommune sluttar seg til Fritidserklæringa som bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettigheter artikkel 31, som seier at alle born har rett til fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv

# Frivilligpolitisk plattform

- Årlege dialogmøter
- Tilskuddsportalen
- nettsider og nyheitsbrev til lag og organisasjonar
- Prosjekt i samarbeid med lag og organisasjonar
- Planarbeid og strategiar
- Barne- og ungdomsarbeid og ungdomsklubbar

# Frivilligpolitisk plattform – tiltak

- Informasjonsmøte om [www.tilskuddsportalen.no](http://www.tilskuddsportalen.no)
  - 18. november kl. 18:00-20:30
- Kurs i søknadsskriving – dersom det er ønske om det
- Samarbeidsmøter med grendautvala – invitasjon kjem neste veke
- Prosjekt «vidareutvikling av den frivilligpolitiske plattformen»
- Velkomstpakkar til tilflyttarar
- Aktivitet for alle 2.0

# Tilskot til vidareutvikling av lokal frivilligpolitikk

---

Vidareføring av plattformen som vart vedteken i 2020

---

Behova og ønskja til frivillgheita vert dokumenterte og utarbeidde i dialog

---

Utvikling av ei felles kommunal forståing for samarbeidet med frivilligheita og korleis me samarbeidar med frivillige i tenestenene våre.

rutinar for opplæring og dokumentasjon


---

vidareutvikling av samarbeidet med grendautvala.

felles forståing for roller, arbeidsoppgåver og samarbeidsmetodar

---

tenestetilbodet til kommunen ovanfor frivilligheita vert halde fast





# Tilskot til vidareutvikling av lokal frivilligpolitikk

---

Dialogmøter med lag og organisasjonar og med grendautvala

---

Kurs i ABCD metodikk (Accet based community development)

---

Intern kursing/temadag til korleis Bømlo kommune skal samarbeide med frivilligheite

---

Grendamøter



# Velkommenspakke til tilflyttarar

- Tilflyttarstrategien
- Samarbeid mellom Bømlo kommune, lag- og organisasjonar/grendautval og næringslivet
- Kva rolle/oppgåver har grendautvala i å ønskje nytilflytta velkomne
- Utvikling av ein felles kultur og rutinar
- Fadderordning? -
- Aktivitet for alle 2.0
- Utvikling av brosjyrar og materiell
- Prosjektperiode 15.10.2024-06.12.2025




The image features a large orange semi-circle on the right side, containing the text 'Eldre-ressursen' in white. To the left of this semi-circle is a purple circle. Further left, there are several blue dashed lines of varying lengths and orientations. At the top left, there are two vertical blue dashed lines. At the top center, there is a green L-shaped line. On the left side, there is a green rectangular outline. At the top right, there is a blue circle. The background is white.

Eldre-  
ressursen

# Eldreressursen

---



# Folk på Bømlo

- Folk på Bømlo blir arrangert den **24.mai 2025**
- Innspel og idémyldring



# Lokaler

Eindel lag og organisasjonar har ikkje egne lokaler/slit med å finne «husrom»

Eindel lagshus som ikkje vert nytta mykje

Kulturhuset

Økonomisk berekraft - kommunal økonomi – tilskot

Miljømessig berekraft – gjenbruk og fortetting

Sosial berekraft - sambruk der det er mogleg

